

# KM 12/05 Endringar i samansetjinga av dei sentralkyrkjelege råda

## Saksdokumenter:

Dokument 12.1/05 Saksorientering  
Vedlegg 12.1.1/05 Kyrkjelova §24 og 25  
Regler for val av Kyrkjeråd  
Statuttane for MKR og SKR

## **Innstilling frå komité C**

### **Samanfating av saka**

I saksdokumentet som var lagt fram for Kyrkjemøtet vart det drøfta endringar i relasjonar mellom dei sentralkyrkjelege råda og samansetjinga av dei som tiltak for å styrkje det samla arbeidet i dei sentralkyrkjelege råda og gjere dei meir nyttige for heile kyrkja.

Fire konkrete spørsmål til endringar vart drøfta:

1. Skal leiarane i Mellomkyrkjeleg råd (MKR) og Samisk kyrkjeråd (SKR) vere medlemmer i Kyrkjerådet (KR)?
2. Dersom dei skal det, korleis skal dei kome inn i KR – som ekstra medlemmer eller i staden for to av dei medlemmene av KR som no er valde på fritt grunnlag?
3. Skal MKR setjast saman på ein annan måte enn dagens ordning?
4. Trengst det andre justeringar i statuttane for MKR slik at dei vert oppjustert til gjeldande administrative ordningar og eventuelt andre endringar som har funne stad, utanom spørsmåla 1-3?

Saksdokumentet drøfta særleg ei styrking av koplinga mellom MKR og KR ved at leiaren i MKR og leiaren i SKR vert medlemmer av KR. Slik kunne ein gjere tydeleg at KR er styringsorgan på vegner av Kyrkjemøtet med eit samla og overordna ansvar også for at Den norske kyrka har eit økumenisk, internasjonalt arbeid og eit arbeid for samisk kyrkjeliv. Slik ville ein oppnå at dei perspektiva og omsyna som kjem frå MKR og SKR sine arbeidsfelt kunne kaste lys over dei sakene KR har ansvar for, og sakene i MKR og SKR verte tydlegare forankra som heile kyrkja sitt ansvar.

Det vart vidare drøfta ei endra samansetjing av MKR. Mellom anna vart det drøfta om ein skal styrkje profilen til MKR som eit fagleg rådsorgan.

KR, MKR og SKR/AU er samde om prinsippet i spørsmål 1: Dei respektive leiarane bør bli medlemmer av KR. Korkje MKR eller KR har kome fram til endelege konklusjonar i dei andre spørsmåla som vart reiste.

I saksframlegget bed KR om fullmakt til å vedta nokre endringar i samansetjinga av Kyrkerådet og MKR slik at desse endringane kan gjelde frå valet i 2006. Samstundes bad KR om signal frå Kyrkjemøtet om korleis slike endringar skulle skje.

### **Merknader frå komiteen**

1. Komiteen har merka seg at Samisk Kyrkjeråd (SKR) og Mellomkyrkjeleg råd (MKR) begge er oppnemnde av Kyrkjemøtet med heimel i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om Den norske kirke, med mandat som organ for Kyrkjemøtet på kvart sitt definerte område. Dei sentralkyrkjelege råda har felles sekretariat og felles økonomi og rapporterer samla til Kyrkjemøtet gjennom Kyrkjerådet (KR).

2. Komiteen noterer at det har skjedd store endringar i arbeidet med dei økumeniske og internasjonale sakene både i Noreg og internasjonalt. Det er òg ei stadig tettare samanheng mellom KR og MKR sine arbeidsområde. Det er difor viktig at relasjonen mellom råda vert styrkja og at arbeidet med økumeniske og internasjonale spørsmål får endå større fagleg tyngd. Dette inkluderer òg kompetanse knytt til lokalt og regionalt økumenisk samarbeid.
3. Komiteen understrekar at i forholdet mellom SKR, MKR og KR er det særskild viktig at SKR gjennom deltaking på det sentralkyrkjelege nivået kan legge premiss i avgjerande spørsmål og saker for heile kyrkja. Dette reiser spørsmål om samisk representasjon i MKR og om medlemskap i KR.
4. Komiteen ser at det for både SKR og MKR er viktig å kome i betre inngrep med forvaltningsmessige avgjerder om ressursar, økonomi og organisering og i strategisk og politisk kommunikasjon med allmenta.
5. Komiteen meiner at for at organa i den sentralkyrkjelege strukturen endå betre kan fylle oppgåvene sine og bruke ressursar på ein mest mogeleg effektiv måte, er det naudsynt å gjere tydeleg dei ulike organa sine oppgåver og eigenart, å styrkje samanhengen mellom råda og å syte for at arbeidet i MKR og SKR vert endå tydelegare forankra i KR sitt arbeid, slik at desse arbeidsfelta betre kan gjerast gjeldande i heile rådsstrukturen.
6. Komiteen meiner at denne saka må sjåast i samanheng med dei strukturendringane i kyrkja som er under utgreiing. Denne prosessen medfører at heile den kyrkjelege rådsstrukturen vert vurdert og kan verte endra. På denne bakgrunn finn komiteen at det ikkje er tenleg å gjere vesentlege endringar i samansetjinga av og forholda mellom dei sentralkyrkjelege råda no.
7. Komiteen har merka seg at både MKR og SKR har uttrykt ønskje om at deira respektive leiarar bør få sete i KR. Komiteen ser at ei slik endring kan styrkje samhandlinga mellom dei tre sentralkyrkjelege råda ved at leiarane kan bringe inn perspektiv frå MKR og SKR i alt arbeidet i KR.
8. Komiteen har merka seg at det for å gi rom for leiarane av SKR og MKR kan veljast ulike modellar for KR si samansetjing. Ei endring som inneber at Kyrkjerådet vert utvida med dei to rådsleiarane, krev endring av kl § 25. Dersom ein ikkje ønskjer å utvide KR, må dei to rådsleiarane erstatte to av dei tre medlemmene av KR som ikkje skal vere medlemmer av sitt bispedømeråd (valde på fritt grunnlag).
9. Komiteen ønskjer ikkje å innskrenke Kyrkjemøtet sin fridom ved oppnemning av kyrkjerådsmedlemmer på fritt grunnlag. Komiteen er i prinsippet open for å utvide KR med to medlemmer, men meiner at det ikkje er naudsynt for å oppnå den samhandlinga mellom råda som ein ønskjer. Den endringa som no vert foreslått, vil på grunn av dei store endringsprosessane i kyrkja vere av førebels karakter og bør difor ikkje nedfellast i Kyrkjelova. Komiteen foreslår difor at dei to rådsleiarane møter fast i KR med tale- og forslagsrett, med nestleiarane i dei respektive råda som vara.
10. Komiteen har drøfta ulike modellar for samansetjing av MKR. Komiteen har merka seg argumenta i saksutgreiinga om at ein eventuell reduksjon av talet på medlemmar av MKR kan frigjere ressursar som kan nyttast til mellom anna meir utadretta verksemd. Vidare har ein merka seg argumentet om at når KR vert styrkja med leiarane av SKR og MKR, kan

MKR med dagens samansetjing synast å vere ein tungvint dobbeltstruktur ved sidan av KR. Komiteen finn likevel at ei eventuell endring i samansetjinga av rådet vil kunne ha store følgjer som så langt ikkje har vorte tilstrekkeleg kartlagde. Etter den ordninga som gjeld i dag, har alle bispedøma ein representant i MKR. Fem av desse skal og ha sete i sitt bispedømeråd. Denne ordninga sikrar kontakt mellom MKR sitt arbeid og bispedøma.

11. Komiteen understrekar at det er viktig at også bispedømekontora får ein ordna og regelmessig kontakt med Mellomkyrkjeleg råd sitt arbeid, slik at informasjon om strategiar, aktuelle saker, kontaktar og nye tiltak vert kjent. Økumenikk, internasjonale relasjonar, misjon og diakoni bør her sjåast i samanheng, og det er viktig at det vert etablert fast kontakt med bispekontoret og staben for Mellomkyrkjeleg råd om desse felta. Særleg er det viktig at kyrkja sitt engasjement i SMM vert tydeleg kopla til økumenisk arbeid både sentralt og regionalt. Dette vil vere ein vesentleg kanal for informasjon uansett korleis sjølve Mellomkyrkjeleg råd vert samansett.
12. Komiteen understrekar at sjølv om ein no ikkje ønskjer vesentlege endringar i samansetjing av og forholdet mellom dei sentralkyrkjelege råda, vil ein ikkje utelukke at slike endringar kan vere tenlege på lengre sikt. Komiteen foreslår difor at desse råda vert bedne om å arbeide vidare med dei spørsmåla denne saka reiser. Komiteen understrekar at dette arbeidet må sjåast i samanheng med dei andre reformprosessane i kyrkja.

## **Økonomiske og administrative konsekvensar**

Samanlikna med den ordninga som gjeld i dag vil framlegget til vedtak medføre ei viss auke i utgiftene til møter i Kyrkjerådet ved at leiarane av SKR og MKR kjem i tillegg til dei som allereie møter der. I tillegg kan det verte naudsynt å nytte meir midlar til frikjøp av dei to rådsleiarane på grunn av den ekstra arbeidsbyrda som følgjer av den ordninga som vert foreslått.

## **Kirkemøtets vedtak**

1. Kyrkjemøtet delegerer til Kyrkjerådet å gjere endringar i Regler for Kirkerådets virksomhet og i statuttane for Samisk Kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd slik at leiarane av Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd møter fast i Kyrkjerådet med tale- og forslagsrett. Denne ordninga skal erstatte den ordninga ein no har med at Kyrkjerådet oppnemnar representantar til Samisk Kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd.
2. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet førebu endringar i statuttane for Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd slik at dei svarer til dei oppgåvene råda har i dag, og at dette vert lagt fram for vedtak på Kyrkjemøtet 2006.
3. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd arbeide vidare fram mot Kyrkjemøtet i 2006 med ei vurdering av forholdet mellom dei tre råda og av samansetjing og mandat. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med dei andre reformprosessane i kyrkja.